# Kraftskulen > Fossilt brensel

Fossilt brensel som olje, kol og gass er dei mest brukte energiberarane i verda i dag. Dei viktigaste bruksområda er oppvarming av bustader, produksjon av elektrisitet og drivstoff for transportmiddel som bilar, båtar og fly. I dag tyder forskingsresultat på at $CO_2$-utsleppa knytte til forbruket av fossilt brensel fører til klimaendringar. Korleis kan utsleppa av $CO_2$ fangast eller reduserast?

## Oppgåver før du ser filmen

Lag eit teiknetankekart med orda «Fossilt brensel» i midten. Lag strekar frå «Fossilt brensel» og teikn det du assosierer med fossilt brensel.

## Oppgåver til filmen

1. Forklar omgrepa forbrenning, fossil og fossilt brensel.
2. Kvifor er ikkje ved eit fossilt brensel?
3. Kva meiner ein med ikkje-fornybar energi?
4. Kva gassar vert rekna som klimagassar?
5. Kva konsekvensar har truleg eit auka utslepp av klimagassar?
6. Kva er CO2-fangst?
7. Kva meiner ein med omgrepet energiberar?
8. Kva er dei mest brukte energiberarane i dei fattige landa?
9. Kor langt inn i framtida kan vi rekne med å ha olje, naturgass og kol i verda?

## Fordjupingsoppgåver

1. Kva meiner du om at Noreg burde redusere oljeproduksjonen for å spare miljøet?

2. Kvifor er det mykje debatt om bygging av gasskraftverk i Noreg sjølv om Noreg er ein av dei største gassprodusentane i Europa?

3. Lag ei liste med argument for og mot gasskraftverk i Noreg.